



Innsendt: 27.08.2025 23:59

Ref.nr: PQBEYT

NVE

Postboks 5091, Majorstua

0301 Oslo

Hjemmeside: <https://www.nve.no>

Innsending av høringsuttalelse

Informasjonsside

For mer informasjon les mer på:

[NVEs hjemmeside](#)

Fortsett med høringsuttalelsen

☒ Ja

Personopplysninger

Navn

KAREN VIKANES BJELLAND

Kontaktinformasjon

Er søker et selskap under stiftelse?

☐ Søker er et selskap under stiftelse

Opplysningene er hentet fra Folkeregisteret og Kontakt og reservasjonsregisteret

Saksopplysninger

Innsending av høringsuttalelse til NVE.

NVEs saksnr.:

202410646

Sakstittel

Fjerning av dam Lønningsåsen - Leirvik i Stord kommune

Høringsuttalelse

Høringsuttalelse

Uttale frå ei som er oppvaksen ved dam i Lønningsåsen og no potensiell tilflyttar til nærområde.

Innspel kva gjeld verknadene av nedlegginga for allmenne interesser;

- Nedlegging og fjerning av dam vil skape store sår i vegetasjon - midt i eit boligområde. Stord kommune har per i dag ikkje kome med teikninga-/planar for korleis område vil sjå ut og bli bevart etter fjerning av dam. Og det foreligg ingen økonomiske kalkyler på kva ei slik fjerning av demning vil koste sammenligna med kostnadsbilde til dei to alternativa som er; 1) bevaring av noverande damkonstruksjon eller 2) byggja ein mindre demning. Ved slik naturinngrepen bør det vera krav til grundig planverk - og det må foreligge før avgjersla og iverksetting. Det vart i kommunestyre vedteke å tilbakeføre område til naturen, men kva innebærer det? Per i dag foreligg det ingen konsekvensutredning av ei slik tilbakeføring.

- Korleis vil tilbakeføringa til naturen ivareta den sterkt utrydningstrua planten Soleigro som i dag veks i dammen? Stord kommune har eit særskilt ansvar for å ta vare på Soleigro då den kun veks nokre få plassar i Rogaland og Vestland fylke. Planten er klassifisert som sterkt truet i Artsdatabankens rødliste. Og trusselen knyttes blant anna til tilbakegang og regulering av vannstanden i dens leveområde. Bevaring av dam handlar om å respektere det biologiske mangfaldet., og bidra til ivaretakelse av Soleigro m.fl.

- Den over 100 år gamle dammen i Lønningsåsen er rekna for å vera eit kulturminne. Med ei etablering i år 1913 bær den med seg historiar over generasjonar. Det har ein kulturell verdi då det visar spor etter korleis mennesker har forma og benytta område. Fjerning av dam vil utradere ei sentral kilde i Stord si historie. Dette kulturminne og dens historie knytt seg sterkt til oppbygginga av Stord som samfunn og dens infrastruktur.

- Demninga og område rundt blir på folkemunnet beskrevet som ein oase. Det har ein høg landskapsverdi med sine mange tilbod og moglegheite. Område og dammen vert i dag, og i fleire generasjonar tilbake, hyppig brukt til bading, skøyting, leik, turar og rekreasjon. Innbyggjarar frå fleire kilometers radius tek turen til denne såkalte oasen. Område har evnen til å gleda, inspirera, gi ro, inkludera, ja, det er også ei læringskjelda for alle born som ønskjer å læra seg å symja eller skøyta. Dammen med sin omringande tursti bring med seg store helsegevinstar for innbyggjarane. Ein tursti som knyt fleire turstiar og turområde saman. Stord treng eit slikt område kor innbyggjarane kan oppsøke for leik, prat, trim og ro. Og ikkje minst for naturopplevinga og skogduften. Her er det i dag potensiale til å legge enda meir tilrette for eit treffpunkt.

Forslag til mildande tiltak;

- Bevar dammen (visar til grunngjevinga over kva gjeld kulturelle-, estetiske-, økologiske- og opplevelsesmessige verdier)
- Bevar eit vannspegel slik at soleigro består og det ikkje vert slike store sår i naturen. Dette ved å byggja ein mindre demning. Slik kan ein også bevare noko av bruken og tilbodet i område.

Med vennelg helsing

Karen Vikanes Bjelland

Høringsuttalelse som vedlegg

Last eventuelt opp fil med annen relevant informasjon

Vedlegg bilder

IMG_1993.png

Vedlegg bilder

IMG_1994.png

Vedlegg bilder

IMG_1995.jpeg

Vedlegg bilder

IMG_1996.png

Vedlegg bilder

IMG_1997.png

Vedlegg bilder

IMG_1998.png